



--

Arkiv saknr:	2018/3383
Løpenr.:	22816/2018
Arkivkode:	

Utval	Møtedato	Utval Saksnr
Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne		18/10

Sakshandsamar: Aud Irene Kittelsen

Status Universell utforma turveg Åmothaugen - Ormetjønn

Vedlegg:

- 1 Kartskisse Åmothaugen til Ormetjønn

Dokument i saka:

- 1 E.post frå Tor Strømme til Reidun Lofthus

Bakgrunn:

Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne har i epost bedt om ei orientering kring ein universelt utforma veg rundt Ormetjønn.

I arbeidet som er satt i gang med detaljregulering av Åmothaugen Vest er eit av formåla å gjere ei vurdering kring ein universelt utforma turveg mellom Åmothaugen og Ormetjønn-området.

Administrasjonen har saman med ein entreprenør vore på synfaring i området og fått eit grovt kostnadsoverslag på ein enkel trasé ned til Ormetjønn.

Vurdering:

Kostnadsoverslaget og trasé er ikkje i samsvar med førespurnad i epost som omfattar ein universell utforma turveg rundt heile Ormetjønn. Administrasjonen ser dette som eit svært kostnadskrevjande prosjekt og ser ikkje at det vil vere realistisk å finne rom for det i denne økonomiplanperioden. Ein tilrår difor berre ein trase ned til Ormetjønn. Prosjektet vil vere mindre kostnadskrevjande og enklare å få på plass i nær framtid.

Administrasjonen meiner kommunen må vere tilretteleggjar og at det må søkjast om spelemidlar til prosjektet.

Prosjektet har eit førebels kostnadsoverslag på kr. 1.600 000,- Knytt til ein spelemiddelsøknad vil dette inngå som eit nærmiljøanlegg og eit tilskot vil maksimalt vera på kr. 300 000,-.

Eit nærmiljøanlegg må vere minimum 500 m for å få tilskot. Strekninga frå Åmothaugen og ned til Ormetjønn med avstikkar er rett i overkant av 500 m.

Eit krav til ein spelemiddelsøknad er at anlegget er rullera inn i kommunens planar og at anlegget er førehandsgodkjent av kommunen.

Prosjektet er viktig for fastbuande og besøkande til Åmot sentrum og administrasjonen meiner ein bør jobbe for å få på plass turvegen.

Rådmannens framlegg til vedtak:

<p>Teknisk Drift og Vedlikehald og næringskontoret vil i 2019 jobbe med å få på plass ei idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning og søkje om spelemidlar til den skissera turvegen i 2020. Rådmannen rår til at det blir satt av midlar til turvegen i 2020 budsjettet.</p>
--

Rådmannen, 08.11.18

Jan Myrekrok, rådmann /s/